

**Retningslinjer for det kommunale viltfondet:**

Godkjent av viltnemnda 12.03.02

**1 Formål**

Desse retningslinjene skal vere rådgjevande for ein målretta bruk av kommunen sitt viltfond, innanfor rammene i *Forskrift om kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort*. Tiltaka som får støtte frå fondet, må vere relevante i høve til konkrete viltinteresser i kommunen.

**2 Prioriterte satsingsområder i perioden (2002 – 2004)**

- a Auke kunnskapane om viltet i alle lokale ledd.
- b Utvikle forvaltningsverktøy som kan bidra til ei best mogeleg forvaltning av viltressursane.
- c Stimulere til betre grunneigarorganisering basert på felles forvaltningspolitikk og driftsplanar.
- d Stimulere til auka interesse, utdanning, organisering og bruk av ettersøkshundar.

**3 Generelle tilskot til førebyggjande tiltak**

Støtte til førebyggjande tiltak skal avgrensast til særlege utsette områder eller verdifulle produksjonar, eller til fellestiltak som kan redusere skadepresset på større områder.

- a Permanente viltgjerde
- b Straumgjerde eller kombigjerde
- c Andre varige førebyggjande tiltak

**4 Søknad**

Søknaden skal vere skriftleg og innehalde ei utgreiing om tiltaket, kostnadsoverslag og finansiering.

**5 Tilskot**

Storleiken på tilskotet til søknader under pkt. 2 a-d og 3 c vert vurdert på fritt grunnlag. Tilskot til permanent viltgjerde pkt. 3 a og b, opptil 20 % av kostnadsoverslaget.

**6 Administrasjon og løyving**

Viltfondet vert administrert av Kultur- og næringskontoret, og Viltnemnda løyver midlar frå fondet. Løyvinga står ved lag i to år, og tiltak som ikkje er starta opp må søkje på nytt i konkurranse med andre. Tiltak som ikkje er fullført kan få utsett arbeidsfristen med eit år.

**7 Klagerett**

Avslag på søknader kan klagast inn for formannskapet. Reglane i Forvaltningslova kap. VI gjeld for klage og endring av vedtak.

**8 Utbetalingar**

Til investeringar kan det utbetalast eit forskot på inntil 75 % når tilsvarande del av tiltaket er fullført. Dei siste 25 % vert utbetalt når krava i vedtaket er oppfylt (rekneskap, sluttrapport m.m.) Ved andre løyvingar skal krav for utbetaling gå fram av vedtaket.

**9 Evaluering**

Retningslinjene skal evaluerast etter 3 år.